



Fløssvika Utvikling AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3655 - 19/2854

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.01.2019


Status i sak som gjeld oppretting av anleggseigedom - gbnr 195/235 Leiknes

Tiltak: Søknad om oppretting av anleggseigedom
Byggjestad: Gbnr: 195/235
Tiltakshavar:


Kommunen syner til tidlegare korrespondanse i saka.

I samband med søknad om grensejustering mellom gbnr 195/2 og 195/43 har kommunen ved geodata-avdelinga vore på staden. Som del av det førebunde arbeidet vart hjørna på garasjen kontrollmålt. Ut frå dei målingane som vart gjennomført viser det seg at garasjen er forskyvd i forhold til godkjend plassering og at tiltaket no ikkje kjem i konflikt med eigedomsgransene for gbnr 195/2.

Faktisk plassering



Godkjend plassering



Garasjen si faktiske plassering er vist ved figuren med striper. Den rosa figuren er kommunen sin tiltaksbase og illustrerer berre eit godkjend tiltak. Slik du ser av skissa er det avvik i plassering både i forhold til eigedomsgrense og føresegningsområde # 1 som viser kor garasje under bakken kan plasserast.

Ved oppretting av anleggseigedom skal eigedomsgrensene følgja den godkjende konstruksjonen. Når garasjen si faktiske plassering avvik frå godkjend plassering, må dette rettast. Ut i frå våre registreringar vil den faktiske plasseringa krevja at det vert søkt om endring av tiltaket. Plassering av garasje utanfor føresegningsområde # 1 er i strid med reguleringsplanen og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon.

Det må vidare søkjast om grensejustering slik at garasjen i sin heilskap ligg plassert på gbnr 195/235.

Som følgje av dette vert mottatt søknad om oppretting av anleggseigedom avslutta. Ny søknad vert å senda inn når garasjen er ferdigstilt, plasseringa er dokumentert ved innsending av koordinatar og grensejustering er gjennomført.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløssvika Utvikling AS
Geodata-avdelinga

Alvervegen 25 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Fløssvika Utvikling AS

Alvervegen 25 5911

ALVERSUND